

– Det er DALEN-snøfresarane som fungerer best



Det er Bjørn Svalastog(t.v.) i Rauland Maskin i Telemark som seier dette. Dei har mykje brøyting i Rauland og i dei omliggjande områda. Det er ni tilsette i firmaet, og gjennom vinteren vert det fleire tusen timar med brøyting med DALEN-snøfresarar.

Me avla Rauland Maskin eit besøk på etterjulsvinteren, og då var det full aktivitet med snøbrøyting, sjølv om det hadde vore noko rolegare enn førre vinter.

Dei har ein del DALEN-snøfresarar på tunet: 3 stykk V-fresarar og 2 stykk to-trinnsfresarar; to 2005, ein 2007, ein 2011 og ein 2014. Slik sett er dei godt skodde for harde vintrar.



Når me tek opp spørsmålet om kvifor DALEN-snøfresane har fått slik inngang, legg Svalstog ikkje skjul på at kvaliteten og driftstryggleiken på DALEN-produkta er av stor verdi. Sondre Øvrebø på Eiksenteret i Hjartdal får også ein fin attest for svært god service og oppfølging, både ved levering av nytt utstyr og ved service og reperasjonar.

– Me har gode erfaringar med DALEN-utstyret, og har prøvd ulike snøfresarar i marknaden, men me kjem alltid attende til DALEN. Det er desse fresarane som fungerer best.



– Me kjøper ein til to nye snøfresarar kvar haust, og den nyaste snøfresaren på lista er ein DALEN 2013. Den er godt tilpassa den store John Deere 6155 traktoren, seier Svalastog. DALEN 2013 er ein to-trinnsfres som har svært stor valse. Dette gjev god og effektiv viftefylling, og dermed stor kapasitet.



I tillegg gjer også den store vifta at periferihastigheita vert stor, som igjen bidreg til svært god kastelengd.

Me takkar for at me fekk koma innom til Rauland Maskin, og ynskjer dei lukke til med den vidare snøbrøytinga!